Legally signed by
Torunn Raftevold Rue
27.04.2021
Legally signed by
Pernille Margrete Sørdal
27.04.2021
Legally signed by
Kjersti Bergland
28.04.2021
Legally signed by
Egil Jøsendal
29.04.2021
Legally signed by
Åge Verpe
29.04.2021

# Protokoll

| *Organ* | *Møtedato* | *Vedtak- sak nr.* | *Tidl. Sak* | *O-sak nr.* | |
|---|---|---|---|---|---|
| Styre | 02.03.2021 | 01 - 06 / 2021 | | | |
| Representantskap | | | | | |

| | |
|---|---|
| Møtt | Til stades:<br>Åge Verpe (Vinje), Torunn Raftevold Rue (Seljord), Pernille Margrete Sørdal (Tokke), Kjersti Bergland (Fyresdal)<br>Teams:<br>Egil Jøsendal (Kviteseid) |
| Forfall | Ingen |
| *Sak 01/2021* | **Sak 01/2021 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2020**<br>Vedlagt møtebok / møteinnkalling fylgjer utkast til rekneskap og årsmelding for året 2020.<br>Rekneskapet er revidera. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 01/2021 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2020**<br>Styret vedtek det framlagte forslaget til rekneskap og årsmelding for året 2020 slik det ligg føre. |
| *Vedtak* | **Sak 01/2021 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2020**<br>Etter mindre tekstkorrigeringar (språk) vedtek styret det framlagte forslaget til rekneskap og årsmelding for året 2020 slik det ligg føre.<br><br>Røystetal: samrøystes |
| *Sak 02/2021* | **Sak 02/2021 Strategiplan**<br>Disposisjon / utkast til revisjon av *Strategiplan 2015-20* følgjer vedlagt som eige dokument. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 02/2021 Strategiplan**<br>Styret tek «innspelet» til vitande, og vil aktivt i tida framover arbeide saman med administrasjonen om utforming av ein ny og oppdatera strategiplan for verksemda for perioden 2021-25 |
| *Vedtak* | **Sak 02/2021 Strategiplan**<br>Som framlegg til vedtak, med tillegg av administrativt utarbeidd fyrsteutkast innehaldane m.a. desse punkta/områda:<br>- SIRKULÆRØKONOMI<br>o hushald-/hytterenovasjon<br>o slam/kompost (aktivitet frå eigarkommunane) |

Legally signed by Torunn Raftevold Rue 27.04.2021
Legally signed by Pernille Margrete Sørdal 27.04.2021
Legally signed by Kjersti Bergland 28.04.2021
Legally signed by Egil Jøsendal 29.04.2021
Legally signed by Åge Verpe 29.04.2021

| | |
|---|---|
| | - KONKURRANSEGRUNNLAG (ANBOD)<br>    o konkurranseparametre ( kvalitet, pris, transport, miljø, og [illegible])<br>- EKSTERN INFORMASJON/OPPLÆRING<br>    o skal RV ha ansvar for informasjon/opplæring til/i t.d. skulane<br>- MILJØSERTIFISERING<br>    o RV skal bli ei «Miljøfyrtårn-verksemd»<br>- KOMMUNIKASJONSSTRATEGI<br>    o eigne heimesider<br>    o eigarkommunane sine heimesider<br>    o media (aviser og andre medier)<br>    o kommunikasjon etter fastsette planar med tilsette (teknisk) hos eigarkommunane<br>    o haldningsendring / tilhøve mellom verksemda og eigarar<br>- KUNNSKAPSORIENTERING<br>    o tilsette i RV skal vera «framoverlendte» og kunnskapsorientera<br>    o verksemda via tilsette må vera omstillbare<br>    o kva kan vi påverke og korleis<br>- KLIMAPLAN<br>    o oppdatering av tidlegare utarbeidd klimaplan<br>    o planen må utformast slik at den ikkje følast som «tredd ned over hovudet på folk»<br><br>Admin. sender eit fyrsteutkast til strategiplan til alle styremedlem før neste styremøte.<br>Røystetal: samrøystes |
| *Sak 03/2021* | **Sak 03/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>Ein førebels nedstraumsoversikt følgjer vedlagt som eige dokument. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 03/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>Styret gjer vedtak |
| *Vedtak* | **Sak 03/2021 – kvar tek avfallet vegen (nedstraumsanalysar)**<br>a. Kartlegging nedstraumsaktivitet (alle fraksjonar)<br>Administrasjonen får i oppgåve å komplettere den førebelse og utarbeidde «Nedstraumsanalysa» til neste styremøte<br>b. Leveranseavtale plast<br>Administrasjonen får i oppgåve å undersøkje alternative slutthandsamarar av plast<br>c. Innkjøpsrutine<br>Administrasjonen får i oppgåve å utarbeide «Innkjøpsrutine» – denne blir ein del av verksemda sin IKS (internkontrollsystem)<br>Røystetal: samrøystes |
| *Sak 04/2021* | **Sak 04/2021 Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**<br>Førespurnad frå Torunn R. Rue følgjer vedlagt som eige dokument, og saka handsamast i styremøtet med driftsleiar i Renovest som sakshandsamar. |
| *Framlegg til vedtak* | **Sak 04/2021 Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**<br>Styret gjer vedtak |

Legally signed by
Torunn Raftevold Rue
27.04.2021
Legally signed by
Pernille Margrete Sørdal
27.04.2021
Legally signed by
Kjersti Bergland
28.04.2021
Legally signed by
Egil Jøsendal
29.04.2021
Legally signed by
Åge Verpe
29.04.2021

*Vedtak*

**Sak 04/2021 Vegar – framkomlegheit for henting av avfall**

- eit av styremedlemmene meinte at styret ikkje skulle hand[...] saker (jf. førespurnad frå Raftevold Rue) – slike saker skal [...] administrativt
- førehaldet er frå administrativt hald gjort «generelt», og d[...] møtet.
- gjennomgåande kvalitet på vegar i renovasjonsområdet vårt
  - fleire vegar (kommunale og private) har ein standard som ikkje stettar krav RV har for å kjøyre med dagens renovasjonsbilar
  - jf. gjeldane lokal føresegn kan RV påleggje etabl. av samlepunkt – tabell visar kva som hittil er pålagt:

Pålagte samlepunkt pga vegstandard

| Kommune | Veg | tal ab. | heile året | 15.10- 15.04 |
|---|---|---|---|---|
| Kviteseid | Omtveitvegen | 9 | X | |
| Kviteseid | Håtveitvegen | 20 | | X |
| Tokke | Vikavegen | 5 | X | |
| Tokke | Midjåsvegen | 7 | X | |
| Seljord | Åsenvegen | 2 | X | |
| Seljord | Haugstølvegen | 8 | | X |
| Vinje | Saglivegen | 2 | X | |
| Fyresdal | Libakkane | 9 | X | |
| | 8 | 62 | | |

- for å kjøyre på vegar med noko dårleg vegstandard/-kvalitet meiner styret følgjande tiltak kan gjerast:
  - renovasjonsbilane bør byte ut kjetting med piggdekk (*ref.: til info. så kjøyrer dagens renov.bilar med piggdekk på forhjul og indrehjul bak)*
  - det bør vera krav i framtidige anbodskonkurransar at bilane skal vera mindre enn dagens utgåver
  - administrasjonen bør konkret vurdere innkjøp av mindre «matebil» som kan ta seg fram på vegar som ikkje stettar dagens krav til framkommelegheit – styret meiner det er eit rettferds-prinsipp at alle får henta avfallet sitt på adresse. I tillegg vil dette styrke ønskje om å oppretthalde eit spreidd bumønster i vest-telemark kommunane.
- administrasjonen blir gjeve i oppgåve å undersøkje korleis «vegproble-matikken» løysast i andre og tilsvarande kommunar i Noreg.
- ny og tilsvarande sak setjast på «kartet» til neste styremøte

Røystetal: samrøystes

*Sak 05/2021*

**Sak 05/2021 Endring av kontrakt_renov.bil (hytterenovasjon)**

Informasjon om saken følger vedlagt i eige dokument.

*Framlegg til vedtak*

**Sak 05/2021 Endring av kontrakt_renov.bil (hytterenovasjon)**

Styret tek saka til vitande

*Vedtak*

**Sak 05/2021 Endring av kontrakt_renov.bil (hytterenovasjon)**

Som framlegg til vedtak

Røystetal: samrøystes

Legally signed by
Torunn Raftevold Rue
27.04.2021

Legally signed by
Pernille Margrete Sørdal
27.04.2021

Legally signed by
Kjersti Bergland
28.04.2021

Legally signed by
Egil Jøsendal
29.04.2021

Legally signed by
Åge Verpe
29.04.2021

*Sak 06/2021*

***Sak 06/2021 Eventuelt***

1. **Landbruksplast**. I Seljord har vi tre punkt der vi har plassert konteinarar t [illegible] frå seg landbruksplast. Den eine står i Flatdal ved returpunktet som no er oppgradert med nye hyttekonteinarar. Tilgangen til konteinaren er no blitt vanskelegare f[illegible] Gangstø som hentar plasten, vil det vere nesten umogleg slik det er i dag. Det har nok vore litt dårleg kommunikasjon mellom Renovest, kommunen og fagorganisasjonane i landbruket i Seljord. Vi kan ikkje ha det slik. Det må gå an å snakke med kvarandre før ein gjer tiltak når ein ser at det vil hindre henting av plast frå ein konteinar som har stått der i +/- 20 år. Vi har ikkje vore i kontakt med dei som er grunneigarar på andre sida av returpunktet og som eig der ein eventuelt må lage ein tilkomstveg. Ein tilkomstveg her bør Renovest ta på si kappe.

**Vedtak:**

Kommentarar til saka frå RV:
Det er ikkje Renovest som har ansvaret for innsamling av landbruksplast, men vi tek imot slikt avfall i Brunkeberg og på satelittstasjonane.

Når det gjeld plasseringa av containeren til landbruksplasten, så er det ikkje Renovest som har plassera denne. Ein vil tru lokal fagorganisasjon og kommunen i sin tid har hatt dialog med grunneigar kring plassering, men dette er ikkje noko Renovest veit av. På historiske flyfoto ser ein at den stod over eigedomsgrensa, slik som i dag, heilt tilbake til 2010.

Renovest har hatt dialog med Seljord kommune om opprusting av returpunktet ved reinseanlegget hausten 2020. Kommunen vart da spurd om løyve til etablering av ljospunkt. Dette vart gjeve, og kommunen hadde ikkje andre innvendingar i saka. Då Renovest ikkje har med containeren for landbruksplast å gjera, og det ikkje var andre innvendingar i saka, vart ikkje kommunen involvera meir i saka. Når det gjeld tekniske løysingar, og plassering av utstyr på returpunkta, kan ein ikkje sjå det er naudsynt å avklare slikt med kommunen i kvar einskild sak. Det var naudsynt å plassere containerane slik som nå, for å sikre brøyting mellom container-rekkene.

Det er diverre ikkje mogleg å plassere containerane på anna måte, utan å redusere kapasiteten på returpunktet. Vonar difor dykk kan sjå på alternativ plassering av container for landbruks-plast, eller helst levere den på mottaket i Brunkeberg. Om ikkje henteordninga dykkar fungerer i dag, slik ein tolkar e-posten frå Mæland, aukar risikoen for plast på avvegar i naturen. Levering av landbruksplast til Brunkeberg, sikrar trygg handtering av avfallet, og kapasitet vil ikkje vera eit problem.

**Saka blir teken til vitande frå styret si side**

2. **Informasjon** mellom Renovest og kommunane. Det har vore etterlyst møte mellom adm. i kommunane og Renovest. Dette er tilbakemelding eg har frå kollegaene mine. Eg veit ikkje om det er eit sakn i dei andre kommunane? I dag er eit kort teamsmøte enkelt og lurt!

**Vedtak:**

Jf. utsendt informasjon til etablera «kommunikasjonsgruppe» vil RV administrativt innkalle til informasjonsmøte med nemnde gruppe – tidspunkt jf. kommunisert i utsendt informasjon.

3. **Klimaplan** for VT. Her kjem Renovest til å bli sterkt involvert. IATA ved Marianne Vrålstad er med i arbeidsgruppa. Planen er under skriving, og vi skal ha eit arbeidsmøte 29.jan. Så både Egil og eg kan informere meir i styremøtet.

**Vedtak:**

Administrativt ser RV det som positivt å bli involvera. Driftsleiar og dagleg leiar er førespurt om deltaking i eit arbeidsmøte des.-'20 / jan. '21 – utan gjennomføring.

Legally signed by
Torunn Raftevold Rue
27.04.2021

Legally signed by
Pernille Margrete Sørdal
27.04.2021

Legally signed by
Kjersti Bergland
28.04.2021

Legally signed by
Egil Jøsendal
29.04.2021

Legally signed by
Åge Verpe
29.04.2021

Det er på oppfordring frå deltakar i arbeidsgruppa sendt resultat av «Pluk... RV sitt renovasjonsområde til bruk som underlag i «Klimaplanen»

**Saka blir elles teken til vitande frå styret si side**

4. Endeleg er datoen for Årskonferansen sett! Hald av **9. juni 2021** for årets høgdepunkt i vår arrangementsportefølje – Avfall Norge

   Til styret sin informasjon:
   **Årskonferansen 2021 blir heildigital –** korleis ønskjer styret deltaking ? – felles eller individuell deltaking.

Neste styremøte: onsdag den 28. april 2021

*Kviteseid, den 02.03.2021*

Åge Verpe
Styreleiar

Torunn Raftevold Rue
Nestleiar

Pernille Margrete Sørdal
Styremedlem

Egil Jøsendal
Styremedlem

Kjersti Bergland
Styremedlem

Toralf Orekåsa
Sekretær / dagleg leiar